



# Informasjon til huseigar/brukar

## Før besøket

Informere alle bebuarar om at vi kjem. Etter å ha mottatt varsel om feiing, må eigar sjølv sørge for at brannførebyggaren (feiaren) har tilfredstillande tilkomst, at stigar er på plass, eldstadar er sløkt og spjeld, luker og omnsdører er stengd.

## Før arbeidet

Brannførebyggaren gjer ei risikovurdering før arbeidet vert utført. Eigar vil få tilbakemelding dersom forholda ikkje er tilfredsstillande.

## Veggstige

Det skal ikkje brukast frittstående stigar som er høgare en 6 meter. Frittstående kombistigar skal ikkje brukast høgare en 4 meter. Stigen skal kunne plasserast så den står støtt og rekke minst 1 meter over takrenna. Den må vere sikkert i toppen slik at den ikkje kan skli sidevegs.

**Trestigar, gamle metallstigar, teleskopstigar, gardintrapper og stigar som manglar trinn eller er skade på er ikkje godkjent som tilkomststigar.**

## Takstige

Ved feiing frå tak, skal stigen være av stål og godkjent for arbeidsbruk. Den **skal** vere fastmontert i takkonstruksjonen. Stigen må førast inntil pipa slik at brannførebyggaren kan stå i den og feie. Avstand mellom takstige/plattform og pipe skal ikkje vere over 0,3m. Dersom pipa er høgare enn 1,2 m over der brannførebyggaren står, må det monterast plattform eller pipa må utstyrast med godkjent feieluke på loft eller utvendig på tak.

Høgda frå plattform/stige til toppen av pipa skal ikkje overstige 1,2m Avstand frå veggstige til første trinn på takstige skal ikkje vere over 0,3m.

Dersom vi må gå mellom fleire piper på taket, må det monterast takbru mellom pipene, alternativt ein takstige opp til kvar pipe. Både takstige, trinn på takkonstruksjon og gangbru må vere montert etter brukarretteleinga. Takstigar av aluminium eller stigar som heng over mønet, er ikkje, og har aldri vore godkjent for bruk av brannførebyggaren sjølv om brannførebyggjar tidlegare har nytta dei.



## Pipehatt

Der det er påkravd utifrå tilgangen til pipa, skal pipehatten vere lett demonterbar eller hengsla for å lette inspeksjon og feiing av pipa.

## Feieluke

Ved feiing frå loft skal det være uhindra tilgjenge til alle feieluker. Alle dører til loft og kjellar skal være låst opp. Romma skal ha tilfredsstillande lys.

Arbeidshøgde frå golv til tak der brannførebyggaren står skal minimum vere 1,8m og høgda frå golv til feieluka skal vere frå 0,8m – 1,2m. På golvet under feieluka skal der vere plate av ubrennbart materiale som skal vere like brei som pipa, og stikke minimum 0,3m framom pipa. Avstand frå feieluke til brennbart materiale skal vere minimum 0,3m.

## Sotluke

Frå sotluke til brennbart materiale skal det vere minimum 0,3m om ikkje anna er oppgjeve i brukarretteiinga.